

## Trafikksikring blir teke opp med politiet



Slik er trafikksituasjonen ofte ved busslomma om ettermiddagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Då avdelingsingeniør Ingbjørn Steen frå Statens vegvesen var på synfaring i Uskedalen for stutt tid siden var også trafikksikringstiltak ved oppvekstsenteret eit tema. No har Steen og seksjonsleiar Lars Øyre sendt saka over til politiet til vurdering og eventuell synfaring.**

Oppvekstsenteret har mellom anna kome med ynskje om forbod mot parkering og innkøyring i busslomma i skuletida mellom klokka åtte og 15 på kvardagar.

Det er også ynskje om fartsreduksjon frå 50 til 40 kilometer i timen samt fartshumpar på riksvegen ved fotgjengarovergangen.

Steen og Øyre peikar på at det ikkje er forbod mot å køyre inn på ei busslomme for av- og påstigning, men at det er forbode å parkere der i ein utstrekning på 20 meter til kvar kant frå der haldeplass-skiltet er plasert. Men vegvesenet kan likevel ta med til vidare vurdering trafikkregulering ved trafikkøya mot riksvegen og ta saka opp til drøfting med politiet.

Vegvesenet er vedtaksmynde, medan politiet er deira høyringsinstans.

Også fartsreduksjonen og fartshumpane som blir føreslege vil bli drøfta med politiet.

Steen og Øyre opplyser at fylkeskommunen tidlegare har tildelt midlar til bruk på fylkesvegane til ymse trafikksikringstiltak, men at dei ikkje får tilsvarande statlege midlar tildelt for riksvegar.

Av Ola Matti Mathisen